

Utvalg:	Innovasjonsutvalget	Dato: 25.9.2024
IU-sak: 17/24		Arkivsaknr.:

IPR- løypemelding fra arbeidsgruppen

Bakgrunn

Universitetet i Bergen (UiB) vedtok i 2009 ein rettigheitspolitikk og eit reglement for handtering av ansattes rettar til forskings- og arbeidsresultat. Dette reglementet har vore lite endra sidan 2010, trass i endringar i universitets- og høgskulesektoren og måten forsking blir brukt til innovasjon og samfunnssnytte. På denne bakgrunnen oppnemnde UiB i februar 2024 ei arbeidsgruppe for revisjon av rettigheitspolitikken og reglementet for immaterielle rettar.

Oppnemning

Arbeidsgruppa består av representantar frå ulike fakultet, inkludert vitskapleg og administrativt tilsette, samt ein studentrepresentant. Leiaren av gruppa er professor Knut Børve (MN).

Om mandatet

Arbeidsgruppa har fått i oppdrag å klargjere utfordringar knytt til gjeldande rettigheitspolitikk og reglement, og å føreslå revisjonar med omsyn til kommersialisering og immaterielle rettar innan 01.10.24. Dette inkluderer vurdering av ulike former for kommersialisering, definisjon av inntekter, fordelingsnøklar for inntekter frå immaterielle rettar, og rammer for studentars involvering i forskingsaktivitetar.

Arbeidsgruppas forståing av mandatet

Mandatet inneholder eit todelt oppdrag: Å klargjere utfordringar ved gjeldande politikk og reglement, og å føreslå endringar. Arbeidsgruppa legg til grunn at avgrensinga til kommersialisering gjeld heile mandatet. UiB sin strategi (2023-2030) legg vekt på innovasjon og verdiskaping basert på forskingsresultat, og arbeidsgruppa ser sitt oppdrag i lys av dette.

Tilråding

Arbeidsgruppa vil komme med sin rapport innan 1.10.2024, med tilrådingar om endringar i reglementet. Arbeidet er altså ikkje ferdig, men hovudpunktene i rapporten vil bli presenterte i møtet.

Oppsummering

Saka blir lagt fram til drøfting i Innovasjonsutvalet, og utvalet sine medlemmar blir inviterte til å gi innspel til punkta som blir lagt fram i møtet.